

Forskrift 18. juni 2024 om permisjon frå skulen i Sande kommune

Heimel: Fastsett av Kommunestyret i Sande kommune i politisk sak 61/24 den 18. juni 2024, med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2, fjerde ledd.

§ 1 Formål og verkeområde

Barn har plikt til grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta 10. årssteg jf. oppl.ova § 2-2.

Opplæringslova opnar for permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa. Formålet med forskrifta er å seie når, og i kva omfang, elevane kan få permisjon. Jamfør opplæringslova § 2-2, fjerde ledd kan kommunen «...gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg...».

Det er skulen, ved dei som har fått mynde, som skal vurdere og avgjere om permisjon er forsvarleg. Permisjonsforskrifta gjeld for alle elevane i grunnskulane i Sande kommune.

§ 2 Omfang av permisjon frå pliktig opplæring

Skulen kan gje permisjon frå pliktig opplæring i inntil ti dagar samanhengande, dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg jf. oppl.ova § 2-2.

§ 3 Mynde til å gje permisjon

Kontaktlærer kan gje permisjon inntil tre dagar. Rektor kan gje permisjon inntil ti dagar.

§ 4 Permisjonar eleven har krav på å få etter søknad frå føresette

Medlemmar av trussamfunn utanfor Den norske kyrkje har, etter søknad, rett til permisjon på deira heilag dagar i tråd med opplæringslova § 2-2, femte ledd:

«...Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skulen etter fråværet...»

§ 5 Handsaming av søknader om permisjon

For elevar som ikkje er omfatta av opplæringslova § 2.2 femte ledd, gjeld berre fjerde ledd: «Kommunen kan gje ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg...».

Permisjon etter dei retningsliner som her er nemnt, føreset at den som har fått mynde finn det forsvarleg at eleven er vekke frå skulen i eit kortare tidsrom. Den som har mynde til å innvilge permisjonen må vurdere ut i frå:

- Eleven sitt faglege arbeid på skulen
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- Eleven sin permisjonshistorikk
- Normalt skal ein ikkje gje permisjon siste halvår av 10. trinn

Føresette har ansvar for at eleven får den opplæringa som må til for å følgje undervisninga etter permisjonen.

§ 6 Søknad

Føresette søker om permisjon for sitt barn via kommunen sitt oppvekstadministrative system.

§ 7 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.